



Gustaven var den fremste laksepioneren

Kvinnheringane har ein større ære for det norske lakse-eventyret enn vi trur og uskedelingen Gustav Bergstø var oppdrettspioner nummer ein. Den første kommersielle smoltproduksjon gjekk føre seg i hans regi i Øyerhavn på Varaldsøy i 1963. Dette var konklusjonen til prosjektdirektør hos Skretting, Erlend Waatevik frå Mundheim, då han heldt foredrag I Senioruniversitetet på Husnes i dag. Han teikna eit fascinerande bilete av korleis oppdrettet har utvikla seg frå småskalaproduksjon til at 160 av dei 192 landa i verda får og konsumerar norsk laks.




Føredragshaldaren med teikninga etter Gustaven

Waaatevik har overteke arkivet til gründeren frå Korsnes og presenterte fleire unike oppdrettsminner frå dette. Mellom dei var ei teikning av ein flytedam frå 1965 og ei liste over kjøparar av fisk, mellom andre uskedelingane Sigurd Arnesen og Gjert Myklebust. Foredragshaldaren undra seg litt over at ingen på lista er å finna i næringa i dag.



[Grethe Brundtland, ny leiar av Senioruniversitetet, saman med Erlend Waatevik](#)

Men frå 1966 jobba ikkje Bergstø meir med oppdrett - då gjekk han igang med andre spennande prosjekt. Waatevik, som har jobba med fisk heile livet, kalla oppdrettsnæringa Noregs flottaste eventyr og minte om at den utvikla seg på same tid som oljenæringa.



Det var på Varaldsøy det historiske skjedde i 1961

No produserar vi 1,1 million tonn laks årleg og 20 prosent av kvantumet kjem frå Hordaland. Kvinnherad står for 1800 tonn av produksjonen og kommunen har 200 tilsette i næringa.

- Dette er verdas beste mat og verkeleg noko å vera stolt av, sa Waatevik som prisa pionerane. Han karakteriserte dei som kreative og jordnære folk med ein snev av eventyrlyst. Ofte var dei naturfolk og dei var aldri rike men tapte som regel pengar.

Det er da også gründaranes skjebne å gå til grunne, bemerk Waatevik og presiserte at Gustaven var den verkeleg store i hans auge. Etableringa av anlegget på Varaldsøy skjedde så tidleg som i 1961 og Gustaven hadde med seg broren Karl og systersonen Georg Øyerhavn på prosjektet. Gustaven reiste også rundt i fjorden og selde fisk frå ein brønnbåt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen